

## **SFFK SESONGEN 2010**

Klubbane i SFFK sitt for tida og skal melde på lag for sesongen 2010. Dette er ein sær s viktig del av jobben som fotballeiar. Problemstillingane er mange og ofte komplekse. Det er ikkje alltid like lett å sjå klubben sitt fotballtilbod i aldersfastlagde klassar under eit. For klubbane er det viktig å merke seg følgande:

- Utgangspunktet er at alle som ønskjer å spele fotball i Sogn og Fordane skal få eit tilbod gjennom ein av klubbane våre.
- Det er betre å melde på eit lag for mykje enn eit for lite. Det er fullt mogeleg å trekkje laget igjn før 15/3 utan at det får økonomiske konsekvensar for klubben.
- SFFK har dei siste åra lagt om seriesystemet i alle klassar sånn at kvar einskild klubb skal kunne gje eit så differensiert kamptilbod som mogeleg. Eit sånt system gjer det mogeleg å hospitere opp spelarar på eldre lag utan at det går utover kampar i den klassen spelaren høyrer heime til dagleg.

### **Påmelding**

SFFK ønskjer sjølvsagt at klubbane melder lag i alle klassar der ein har spelarar i klubbane. Det skal være nok med 13 spelarar for ei 11ar lag, 9 spelarar for eit 7ar lag og 7 spelarar for eit 5ar lag i miniputt. Det finns klubbar som melder på lag med enno mindre spelarar pr klasse enn dette. Dersom ein differensierer kamptilbodet i klubben, gjennom å nytte mulighetene for hospitering, kan ein halde lag i aktivitet i heile sesongen sjølv om laget har bare akkurat nok med spelarar. Det betyr at alle spelarane i klubben får mykje speletid på det nivået dei høyrer heime ferdighetsmessig.

Det nye i våre lokale aldersfastlagde seriar er at i år vert det reine årsklassar i jenter 11/12 år. Det betyr at dersom det er nok lag i ei sone til å spele i to seriar i desse klassane så vert det gjort. Kampdag i lillegutt 11 er også flytta. Dette for at klubbar som slit med å stille to lag i desse klassane ikkje skal få problem fordi laga spelar kamp same dag. I 2010 skal det ikkje skje at 11ar og 7ar lag i ei klasse spelar samtidig. Dette er også gjort for at klubbane skal ha muligheten til å hospitere spelarar mellom laga så ein kan stille lag i både 7ar og 11ar serien. Det same gjeld regelen om overflytting av spelarar mellom 11ar og 7ar lag i ein klubb. Antal spelarar som kan flyttast mellom 11ar og 7ar lag er no auka til 3 spelarar. Dette gjeld dei som står på dommarkortet i forrige 11ar kamp. Om ein av ein eller anna grunn ikkje nytta alle spelarane som står på dommarkortet i ein kamp er det viktig at lagleiar/trenar sørger for at desse vert strokne. Då er det fleire spelarar som vert speleberettiga på 7ar laget eller klubbens 2. lag i same klasse. Hugs difor å stryke spelarar som ikkje er nytta i kampen men som står på dommarkortet. Ta gjerne kontakt med SFFK om du er i tvil om desse tinga og korleis De skal melde på lag for sesongen 2010.

### **Aktivitet i barnefotballen**

Fotball er favorittidretten til størsteparten av ungane i fylket. Difor må vi sørge for at desse ungane får trent nok og spelt flest mogeleg kampar gjennom sesongen. Treningstilbodet klubbane gjer er ofte ikkje godt nok for dei mest aktive. Det er fleire måtar å auke treningstilbodet i klubben på. Klubben kan for eksempel organisere eit ekstra treningstilbod til dei mest ivrige. Nokre plassar vert dette kalla akademi eller andre "fancy" ord. I utgangspunktet er dette eit tilbod for dei mest aktive og engasjerte spelarane. Det SKAL være opent for alle som ønskjer å bruke meir tid på fotballen. Klubbar kan og etablere eit sånt ekstratreningstilbod gjennom ei SFO ordning. Fotball eller idretts SFO er ein måte klubbane

kan organisere eit ekstratreningsstilbod i barnefotballen samstundes som klubben kan tjene nokre kroner på å organisere eit sånt tilbod.

For dei yngste klassane er trenings- og kamptilbodet ofte for lite for aktive ungar. Det å kun trene ein gong i veka frå 1. mai til midten av september, med 8 veker ferie på sommaren, er ikkje eit godt nok fotballtilbod. Dersom ungane er opptatt med andre idrettsaktivitetar så er det flott. Men vi veit at det slett ikkje alle ungar som er det. Mange sit heime og ventar på ein beskjed om at no er det fotballtrening.

Alle treng ikkje å møte på alle treningar kvar gong men klubbane bør klare å tilby fleire treningar enn ei trening i veka for knøtt og miniputt spelarar. Grendaturneringar og andre lokale møtepunkt for spelarane i vintermånadane er og ein fin måte å holde oppe aktiviteten blant dei yngste på. Vi ser gjerne meir av desse aktivitetane. Det viktigaste er at det vert trent MEIR fotball rundt om i Sogn og Fjordane. Det vil gje enno betre spelarar på sikt.

### **Trenarutvikling**

SFFK har ei klar oppfatning om at all trenarutvikling er god spelarutvikling. Vi kjem difor til å tilby utdanning og utviklingsmuligheter for trenarar også denne sesongen. For dei trenarar i fylket som ønskjer å lære meir og oppdatere seg på NFF/SFFK sitt budskap så er det viktig å møte på sånne tiltak. Det same gjeld for dommar og leiar. Vi har alltid bruk for skulerte leiarar og nye dommarar.

### **Fair Play**

SFFK satsar på Fair Play. Det er etablert eit nytt FairPlay utval i kretsen og det utvalset skal sette Fair Play på dagsorden i alle klubbane våre. "FairPlayligaen" er namnet på 2. divisjon herrar som Førde skal spele i denne sesongen. Ellers vert FairPlay eit tema i alle samanhenger der fotballfolk i Sogn og Fjordane møtast.

Per Are Verlo  
Klubb utviklar SFFK